



KONTROLLUTVALET I VÅGÅ

INNKALLING

Møtedato: 12. desember 2019	Klokka: 1000	Møtestad: Vågå kommunehus
--------------------------------	-----------------	------------------------------

Medlemmene blir med dette innkalla til møtet som nemnt ovanfor. Dette gjeld:

- Svein Holen (leiar)
- Kjersti Aasvang Dalen (nestleiar)
- Ole Damstuen
- Lene Marit Flatum
- Tor Ivar Furuset

Evt. forfall må snarast meldast til sekretæren, Morten Sørhage, tlf. 469 11018 eller e-post morten.sorhage@lom.kommune.no


Varamedlemmene møter berre etter nærmare varsel. Dette gjeld:

- Bjørg Schultz
- Matthias Hauge
- Per Sveahaugen
- Roar Valbjørsløkken
- Steinar Evensen

SAKLISTE:

Sak nr.	Saka gjeld:
31/2019	Innkalling, sakliste Selskapskontroll – Ansetteler i Nord-Gudbrandsdal Regionråd Open post

Lom, 5. desember 2019
for Svein Holen


Morten Sørhage
Sekretær kontrollutvalet

Kopi av innkallinga med sakliste blir også sendt til:

- Ordførar
- Adminstrasjonssjef
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse



MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	12. desember 2019	Kontrollutvalet	32/2019

Vedlegg (eigen fil):

- "Ansettelse i Nord-Gudbrandsdal regionråd"

SELSKAPSKONTROLL OM TILSETTINGAR VED NORD-GUDBRANDSDAL REGIONKONTOR

Bakgrunn:

Bakgrunnen for bestillinga var mottekte varslar om tilsettingsprosessar av dagleg leiar og prosjektleiar ved regionkontoret.

Spørsmålet om kontrollutvalet skulle vurdere desse varsla nærmare vart handsama i møte 6. september 2019. Det vart vurdert som vesentleg at alle sider blir belyst og at dei involverte får lagt fram sin side av saka, samt at momenta blir vurdert av ein uavhengig instans. Dei sentrale spørsmål er om habilitet, avtaleverk, vedtak og lovverk elles er fulgt.

Nord-Gudbrandsdal regionråd er eigen juridisk eining med dei seks Norddalskommunane som eigalar. Vågå kontrollutval fann å kunne bestille ein kontroll. Dei fem andre kontrollutvalsleiarane vart orienterte om prosessen så langt.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes:

- 1) Kontrollutvalet bestiller ein gjennomgang av prosessen ved tilsetting av dagleg leiar og prosjektleiar.
- 2) Gjennomgangen blir utført av Innlandet Revisjon IKS

Saka har vore lagt fram i dei fem andre kontrollutvala, som kvar for seg har teke den til orientering og har gjort vedtak om kostnadsfordeling.

Innlandet Revisjon IKS (IR) utarbeidde desse problemstillingane for arbeidet med rapporten:

1. Hvordan skjedde ansettelsen som daglig leder og prosjektleader?
2. Ble ansettelsene foretatt i tråd med rettslige føringer, vedtak og interne retningslinjer?
3. Ble regler om habilitet ivaretatt?

IR gjekk gjennom prosessen separat for dagleg leiar og prosjektleiar. Selskapet konkluderer med at tilsettingane ikkje gjev særleg fordel, tap eller ulempe for personane som gjennomførde desse – Iselin Vistekleiven og Frode Damstuen. Når det gjeld tilsetting av prosjektleiar, ser ein moment som ein frå utsida kan stilla spørsmål ved. IR legg etter intervju og vurdering til grunn at relasjonen er av fagleg karakter.

Innlandet Revisjon anbefaler oppdatering av delegasjonsreglement ved tilsettingshøve, slik at reglementet er tilpassa juridisk status til regionrådet.

Vurdering:

I utgangspunktet for bestilling av kontrollen var det sentralt at dei involverte kunne leggja fram sitt syn på saka, som kunne vurderast objektivt av ein uavhengig aktør. Tilhøva gjekk på personlege tilhøve, som tilseier ei rask avklaring. Eit moment i vurderinga var også at den gjaldt sentrale funksjonar i Nord-Gudbrandsdalen.

Rapporten syner ingen brot på faglege kriteriar i tilsettingsprosessen. IR konkluderer med at aktørane har vore habile i avgjerslene dei har teke.

IR tilrår oppdatering av reglement. Etter høyringsuttala frå regionrådet er dette formaliar regionrådet er i ferd med å utarbeide, der rapporten kan brukast i vurderingane.

Etter gjennomgangen er saka nå belyst. Ein bakgrunn for gjennomgangen var dei personlege belastningar heile situasjonen har gjeve. Det er derfor også viktig at rapporten avsluttar denne prosessen.

Forslag til vedtak/innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten "Ansettelse i Nord-Gudbrandsdal Regionråd" til etterretning og ser saka som avslutta.